



Tre gode vener: Harald, Torunn og Irene!

Fullt hus med 14 gjestebåtar i Øyro og 16 hos båtlaget fortel statistikken for natt til søndag. Og det er slett ikkje verst når ein tenkjer på at det har vore festivalar både i Skånevik og Rosendal.

Og ser ein nærmare på kven som har vore hos oss i helga blir konklusjonen at dei gamle entusiastane ikkje sviktar Uskedalen.

Til dømes formulerer Harald og Torunn Søvik frå Rennesøy seg slik:

- Det er så avslappande å vere her. Naturen er fantastisk fin og ein treffer så mange kjekke folk.

Harald og Torunn, som er pensjonistar, har ein spesiell båt fordi han er av tre og dei konstaterer med beklagelse at det stadig vert færre slike båtar. No kjem dei direkte frå trebåtfestivalen i Skudesneshavn som finn stad rundt månadsskiftet juni/juli. Der har dei vore i 19 år på rad. medan dei no har vore eigarar av den 33 fot store Irene sidan ho var ny for 34 år sidan. Skroget vart laga av ein profesjonell båtbyggjar medan Harald og Torunn gjorde resten sjølv.

- Og Irene har oppført seg skikkeleg gjennom alle år?

- Absolutt, men med eit unnatak som ikkje var båten si skyld.

Vi fekk stans i Bømlofjorden på grunn av den biologiske dieselen og mista halvannen veke på den måten. Det måtte ein omfaffande reinselsesprosess til og det er grunn til å åtvare andre.

No planlegg vi å få med oss Etnemarknaden på heimturen.

I Øyro sit vertskapet som aldri sviktar og har hatt denne funksjonen i 12 år: Høgemark-paret har vorte ein institusjon i Uskedalen og natta til i dag hadde dei 14 gjestebåtar. Fleire er det ikkje plass til og berre 2 av dei var nye gjestar. No i dei tradisjonelle feriane er det ikkje minst dei faste gjestane som kjem att til Øyro og eit døme på det er 7 båtar frå Asløy, eit tal som no er noko rdusert.

Båtlaget kunne hatt nokon fleire båtar men måtte seie nei på grunn av noko som er eit nytt velstandsproblem: Båtane har vorte så breie at vrt Johan Sunde måtte avvise 3-4 av dei. Dette er eit problem som aukar frå år til år, konstaterar Johan.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen